



16 møtte fram og fekk instruksjon ikveld. Dei 3 instruktørane står bak.

Passar for ungdom som likar fart og spenning. Slik reklamerar ein turnforening på Sørlandet for det nyaste tilbodet sitt - tumbling. Slik kunne turngruppa også i Uskedalen reklamera etter å ha introdusert denne nye aktiviteten, for oppslutnaden denne hausten har vore svært god, sjølv om han har vore svært varierende. Det har svingt mellom 15 og 30, fortel instruktør Lene Taranger som ikveld hadde 16 mellom 4. og 7. klasse i intens aktivitet.

Dei 2 andre instruktørane er Halvard Enes og Ida Legland. og det er onsdagen som er tumbling-dagen. Då vert ein time instruksjon for dei som er mellom 1. og 4. klasse avvikla fyrst og så kjem dei eldre etterpå.

- Men kva tyder egentleg tumbling?
 - Rett og slett turn eller akrobatikk, for poenget er at ein skal øva opp kroppsbeherskelsen på denne måten. Mange har jo eit stort behov for det, seier Lene som står og tek imot elevar som utan tvil har trong for å førebu seg på ei 'betre landing' enn den dei mestrar til no.
 Det vart prestert mange ukontrollerte saltomortalar i Aktivitetshuset også denne kvelden!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Sentralt i dette bildet er det ein elev som har fullt herredømnme over kroppen!